



Saksbehandlar Torill Slåke i kommunen skriv til oppsittarar at dei avventar ein rapport frå den uavhengige kontroll av den omstridte Ospelundmuren som Norconsult har vore igang med ei tid.

Ho minnar om at forvaltningskomiteen i møtet sitt i februar la særleg vekt på at tryggleiken måtte ivaretakast og at det måtte gjerast tiltak mot at stein og lausmassar rasar ut på gang og sykkelvegen.

Gunnar Røssland Entreprenørforretning fekk godkjent ansvarsrett for å prosjektera og utføra tiltaket. Kommunen ser på arbeidet som no vert utført til å liggja innanfor godkjenninga som ligg føre og ser positivt på at muren vert ytterlegare sikra.

Tekst foto og nett: Ola Matti Mathisen